



Måndag forlet dei Liehuset: Elling, Petter og Else-Christine

Det går mot haust og feriefolket forlet Uskedalen. Dei er ualminneleg trufaste, slik dei har vore gjennom generasjonar, heilt sidan familiane bygde sommarhus her. Det gjeld til dømes familien som eig det store og staselege, gule huset nedanfor Dønhaug. I dag pakkar 3 generasjonar saman og i morgon tidleg dreg familien heimatt til Bærum.
- Det er ei levande bygd med hyggjelege folk, seier Petter Austad når vi spør om grunnen til at så mange ferierande er så rotfesta i vår bygd.



Huset har også vore raudt!

Over ein kopp avskilskaffe fortel Petter, faren Elling og mora Else-Christine om Liehuset si historie. Den er typisk også for andre hus i Uskedalen, ikkje minst fordi huset vart bygd av Johannes Wang.



Landbruksprega omgjevnad dominerar i dag

Byggherre var som ved andre høve ei dame frå Bergen.

Ho heitte Anna Torkildsen og var tilsett i Folkeregisteret. Byggjinga gjekk føre seg vinteren 1918/19 og huset vart innvigd med brask og fram, heiter det i ein historikk.



Liehuset, eit av dei mest særprega i bygda

Gjestelista fyller nesten ei halv side og vert toppa av sjølvaste ordføraren i Bergen med frue - det var Christian Hopp den gongen. Ved byggjinga vart huset brunmåla, men sidan har det vore både raudt og gult.

- Det har ei sjarmerande blanding av stilartar, seier Elling

Systema til Anna, Maria, tok over huset i 1952 og var eigar til 1964. Då gjekk den familiære stafettpinnen til Odd Lie - morfar til den noverande eigar.

Solhaug vart kalla Thorkildsenhuset før det fekk det noverande namnet Liehuset og det har vore eit fast familiært samlingspunkt i alle år .

- Du må få med ein grunn til når du summerer opp, seier Petter.

- Det er den ro vi opplever når vi kjem hit. Vi er alltid her i påska og om sommaren.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen